

Lindås kommune
v/ Siril Therese Sylta
Mottakskontroll

Hundvin 01.06.2018

Svar på brev av 30.05.2018 frå Lindås kommune «Førebels svar med trong for tilleggskontroll gbnr 94/8 Skodvin nedre»

1. *Sjå vedlagt signert fullmakt frå Lindbjørg Bogevik.*
2. *Den aktuelle tomtem er allereie i bruk som skule og omsøkt tiltak utgjer ein svært liten del av tomten og blir liggande i tilknytning til eksisterande bygningsmasse. På denne bakgrunn søker vi om dispensasjon frå krav til reguleringsplan.*
3. *Vi viser i første rekkje til skriv fra Utdanningsdirektoratet datert 14.08.17 med vedtak om godkjenning av endra elevtal. Kopi av dette brevet er sendt til Kunnskapsdepartementet, Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland. I brevet har Utdanningsdirektoratet peika på at Lindås kommune har hatt anledning til å uttala seg i saka, men ingen uttale frå kommunen er mottatt. Dei skriv og at pr i dag (14.08.17) er Skodvin Montessoriskule godkjent for 80 elever. Vedtaket frå Utdanningsdirektoratet seier at skulen frå og med hausten 2018 er godkjent for inntil 100 elever. Då vi ikkje har registrert at Lindås kommune har klaga innen fristen legg vi til grunn at vedtaket står ved lag.*
 - a. *I høve til elevtal som er godkjent tidligare (j.f brev frå Udir) aukar elevtalet med 1 elev. Om naudsynt kan vedlagte søknad om avkjørsle frå kommunal veg oversendast Teknisk Drift for handsaming.*
 - b. *Når det gjeld parkering viser vi til møte og befaring med Irene Wilhelmsen og Kjetil Eikefet frå Lindås kommune og representantar frå Skodvin Montessoriskule. Vårt inntrykk er at kommunen sine representantar var positive til å finne ei god løysing. Vi peiker også her på at reel auke i elevtalet i forhold til opprinnelig godkjenning er 1 elev.*

- c. Når det gjeld avløp har vi følgande merknad. Anlegget er 10-15 år gammalt og i følge opplysningar frå leverandør av anlegget, Ipec Miljø AS, har ikkje Lindås kommune, i den tid dei stod som eigara av anlegget, hatt tilsyn frå leverandør. Vi har inngått avtale med Ipec Miljø AS om årleg kontroll, og dersom det skulle visa seg naudsynt kan f.eks anlegget tømmast oftare.
- Vassforsyninga er frå eige borehol, etablert av kommunen for mange år sidan. Så lenge vi har drifta skulen har vi ikkje opplevd problem med vassforsyninga. Vi antar at Lindås kommune kan finna opplysningar om kapasitet på boreholet ved behov.

Bakgrunnen for søknaden er å gje tilfredsstillande undervisningsforhold for elevar og tilsette på grunnlag av gruppestorleikar og dei fysiske storleikar på klasserom. Uavhengig om me får dispensasjon til oppføring av mellombels bygg vil me fortsatt ha 81 elevar til hausten. Det nye bygget er tenkt brukt til haustens 16 førsteklasingar og me vil vera svært takknemlige om denne saken kan handsamast så fort som råd for å sikra ein trygg og god skulestart for dei minste.

Med venleg helsing

Anita Gjerstad
Styreleder
Skodvin Montessoriskule
Tl 95 75 75 33

www.skodvinskule.no
